



Hjortejakta 2011

Sogndal ettersøkslag har røynde ettersøksekvipasjar klare til hjortejakta.

- Hundane med førar har årleg fleire søk av skadeskotne og påkøyerte dyr
- Me tek alltid søket uansett ver, stad og tidspunkt
- Ekvipasjane driv kontinuerleg sporttrening
- 90 % av hundeførarane har vidaregåande kurs i ettersøk
- Alle er røynde hjortejegerar

Me vil oppfordra alle jegerar til å ta med seg ein refleksvest og gjerne nytta caps i ein signalfarge på post under søker. Det er viktig å få livet av det skada dyret, men det skal ikkje gå ut over jeger, hundeførar eller hund.

I år er prisen er kr 115,- per tildelt fellingsløyve.
Det kjem ikkje meir kostnad i tillegg ved søker.

Avtalane er i plastkortstorlek med festelim på eine sida.
Kortet kan festast på jegeravgiftskortet.

DN har godkjent at Sogndal ettersøkslag i 2011 kan leggja avtalen inn på mobilen som fullverdig dokumentasjon. Dette gjeld for dei som har smarttelefon med MMS funksjon. For dei som har slik mobil, gjer vel å bruk tilbodet. Det vil påverka DN til å opna for digital dokumentasjon.
Jeger som ønskjer dette sender ein SMS til:

950 71 488 + valdnummer

Dokumentasjon blir då sendt MMS til vedkommande.
Oppsyn og viltforvaltar i kommunane er kjende med dette.

På innbetalingsgiroen står det ein bokstav og tre siffer i kundeidentifikasjonen nedst til venstre. Døme: S116, eller K431, eller F748, eller L311. Bruk denne meldinga ved betaling. *Dette er ikkje ein KID-kode.*

Laget opplever at jegerane er flinke til å nytta ekvipasjane.
Sjølv om eit påskote dyr ikkje viser skotteikn utfører me gjerne eit kontrollsøk.

Det er inga skam å skadeskyta, men eit dårlig ettersøk er stor skam.

God jakt
Sogndal ettersøkslag

Sjur Dale
leiar